



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato
19.04.2016

Vår referanse
2016/5017 620

Radøy kommune
postmottak@radoy.kommune.no

Vedrørende rekneskap for det statlege tilskotet til vidareføring av ei permanent stilling i den kommunale barnevernstenesta

Fylkesmannen viser til vårt brev datert 21. mai 2015, der Radøy kommune vart innvilga eit statleg tilskot på 680 000 kroner til vidareføring i 2015 av ei permanent stilling i barnevernstenesta. Dette var ei stilling som Radøy kommune oppretta med statlege midlar i 2012. Fylkesmannen sette som vilkår at Radøy kommune innan 1. februar 2016 sendte oss ein revisorattestert rekneskap for bruken av pengane.

Fylkesmannen har ikkje fått nokon revisorattestert rekneskap for bruken av tilskotet for 2015.

Radøy kommune rapporterte til Statistisk sentralbyrå gjennom Kostra at kommunen i 2014 hadde seks stillingar knytt til saksbehandling og tiltak i barnevernstenesta (unntatt støttefunksjonar). For 2015 har Radøy kommune rapportert at kommunen hadde fem stillingar knytt til saksbehandling og tiltak i barnevernstenesta (unntatt støttefunksjonar). Av rapporteringa frå Radøy kommune til Statistisk sentralbyrå kan det sjå ut som om kommunen ikkje vidareførte styrkinga barnevernstenesta, men i staden reduserte den kommunale barnevernstenesta med ei heil stilling i 2015.

Dersom Radøy kommune har vidareført styrkinga av det kommunale barnevernet, og ikkje redusert barnevernet slik det kan sjå ut i Kostra-rapporteringa, ber vi kommunen omgåande sende oss revisorattestert rekneskap i samsvar med kravet i tildelingsbrevet av 21. mai 2015.

Dersom tilskotet for 2015 ikkje er nytta til føremålet det vart gitt til, skal pengane tilbakebetalast til statskassa. Pengane skal betalast inn på kontonummer 7694 05 01098. Vær gild å merke attendeføringa med vårt saksnummer 2015/3178 og med «attendeføring av tilskot - kapittel 854 post 60».

Med helsing

Øystein B. Jacobsen
seksjonsleiar

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrifter.

Vedlegg: Kopi av Fylkesmannens brev av 21. mai 2015